

NOTAT

Tema: Region Nordhordland Helsehus IKS - budsjett og økonomiplan

Frå: Styret i RNHI

Til: Representantskapet i RNHI

Dato: 29. november 2019

Region Nordhordland Helsehus IKS - investerings- og driftsbudsjett for 2020 og 2021

Investeringsbudsjettet

Innleiing

Det er sett opp eit budsjett og ein økonomiplan for investeringsprosjektet for Region Nordhordland Helsehus. Når ein kjem til 2021, vil ein gå over i ein driftsfase, og me har førebels konsentrert oss om investeringsfasen. For driftsfasen har vi i denne omgang berre tatt med nokre makro betraktningar. Det vil så snart driftsmodellen er fastsett verta sett opp detaljert budsjett også for drifta av helsehuset frå 2021. Men administrasjonen vurderer det som feil å bruka ressursar på dette i samband med budsjettet for 2020. Budsjettvurderingane vil difor først og fremst dreia seg om investeringar fram mot ferdigstilling, og det ein må føra som løpande driftskostnader fram til byggeprosjektet er gjennomført.

Status og omtale av kostnadane med prosjektet (alle tal er inklusiv mva som ikkje vert refundert)

Ved utgangen av oktober 2019 har det påløpt om lag 166 mill kr så langt i prosjektet. Kva som vert totalen ved årsskiftet 2020 er litt usikkert, men me reknar med om lag 210 mill kr. I budsjettet som vart vedteke når prosjektet starta opp var den totale netto kostnaden forventa til å vere 624 mill. kr. Dette er gjennomført kvalitetssikring med usikkerheitsanalyse.

Kontraksprisen på totalentreprisen vart vesentleg lågare enn det som er satt opp i tidlegare budsjett, noko som betyr at prosjektet skal halde seg godt innanfor den totale låneramma som er satt for prosjektet på 640 mill. kr.

I 2019 har det vore jobba med grunn- og betongarbeid, og støypearbeida er ferdig om kort tid. Etter sommarferien har i tillegg andre fag byrja med arbeidet sitt; tømring, røyr, sprinklar m.v. Bygget er i rute til å vera tett til nyttår. Etter nyttår startar innvendig arbeid som skal skje som systematisk ferdigstilling (lean). Bygget skal overleverast på slutten av 2020 og innflytting vil etter planen bli i februar 2021.

Føresetnader og kommentarar til budsjettet

- Den totale låneramma for prosjektet er kr 640 mill.
- Kalkylen etter refusjon av MVA og tilskot Husbanken) er kr 624 mill.
- Rentenivået i perioden er satt til 2,5 %. Renta har auka noko i 2019 og er i dag 2,3 % og RNHI har fått grøn rente noko som gir 0,1 % poeng lågare rente enn vanleg marknadsrente hos Kommunalbanken.

- RNHI vil få refundert 68,8 % av MVA utgiftene. Det er for det arealet som Alver kommune og Hordaland fylkeskommune skal leiga og den delen av garasjen som er planlagt som vanleg avgiftsparkering. Søknaden er innvilga av Skatt Vest
- Husbanken har løyvd 10,6 mill kr i tilskott
- Netto investeringskostnad (etter tilskott og refusjon av mva) har i dag ein prognose på om lag 490 mill kr. Dette er vesentleg lågare enn den totale ramma som er for prosjektet.

Budsjett og økonomiplan for 2020-21 investering RNHI - mill kr					
	Total ramme - budsjett	2015-2019	2020	2021	Total prognose
Investeringskostnad etter refusjon av mva	635	210	200	90	500
Tilskott Husbanken	-11			-11	-11
Netto investerings kostnad	624	210	200	79	489

Driftsbudsjettet

Nokre av kostnadane med drift av selskapet må takast i drift. Det gjeld mellom anna styrekostnadar. Desse kostnadane vert dekkja inn når selskapet kjem i drift. I 2020 må arbeidet med å få fram driftsbudsjett for drifta huset starte opp for fullt.

Region Nordhordland Helsehus IKS		
Budsjett og økonomiplan - drift		
	Rekneskap 2018	Budsjett 2020
Sum Driftsinntekter	-	-
Lønn og honorar	150 651	165 000
Lønn pensj og arb giv avgift	21 242	22 000
Kjøp av varer og tenester	17 859	20 000
MVA på kjøp		
Interne kostnadar		
Sum Driftsutgifter	189 752	207 000
Brutto driftsresultat	189 752	207 000
Netto finans	-84 649	-50 000
Netto driftsresultat	105 102	157 000
Totalt Interne Finansieringstransaksjoner	-	-
Årets resultat	105 102	157 000

Som tidlegare nemnt, vil status for selskapet forandra seg totalt når vi går inn i 2021. Ferdigstilling av bygget vil framleis påverka økonomien, samtidig som driftsfasen av bygget startar opp.

Driftsmodellen, som vil bli eit sentralt tema i 2020, vil gi strukturen og innhaldet i driftsbudsjettet for bygget. Etter administrasjonen si vurdering vil det vera ressursøying no å prøva og setja opp eit driftsbudsjett for bygget for 2021 (og 2022). Det vil lett kunne bli ei «tenk på eit tall»-øving. Det me veit er:

- Med ei rente på 2,5% og låneramme på 640 mill. vil helsehuset kunne driftast i positiv balanse
- Slik prognosen ser ut pr. dato, vil me enda opp godt under låneramma, samstundes som rentenivået er under estimatet

Administrasjonen vil derfor foreslå at styret i denne omgang berre handsamar investeringsbudsjettet og driftsbudsjettet for 2020, og at driftsbudsjettet frå 2021(og økonomiplan 2022-24) vert lagt fram for representantskapet i juni 2020.